



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 20.12.2016
Vår ref.: 2014/12003-12
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Att. Kjersti Møllerup Subba

Fråsegn - reguleringsendring for Holme forretningsområde - Meland kommune

Vi viser til brev datert 2.11.2016 om høyring av forslag til detaljregulering for Holme forretningsområde. Hovudføremålet i planen er kombinert forretning og tenesteyting. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til forretning. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 24.03.2014.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Samferdsel

Reguleringsendringane har ikkje påverka utforminga av kollektivhaldeplassane, og desse ligg strategisk til i planområdet. Det er gjort nokre utvidingar av planområdet for å få ein mest mogleg tilfredstillande utforming av undergangen. Dette har skjedd i dialog med Statens vegvesen. Hordaland fylkeskommune har ingen særskilte merknader til dette.

Senterstruktur og handel

Regional plan for attraktive senter har føresegner for handel som har som utgangspunkt at ny etablering av handel berre er lov i senter definert gjennom plan. Som planskildringa for reguleringsplanen viser til så er det unntak for ny eller utvida detaljhandel med opptil 3000 m² bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter. Føresegna i reguleringsplanen som seier at det maksimalt kan blir etablert 1500 m² BRA for detaljhandel er med å sikre at unntaksregelen i den regionale planføresegna er oppfylt. Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til handelsetableringa i dette området.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlarar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Monika Cecylia Serafinska, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland